



Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Klage i byggesak blir sendt tilbake til kommunen for behandling av klage - gnr. 138 bnr. 4 i Lindås kommune

Fylkesmannen viser til brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet 14.12.2017 i forbindelse med klagesak på eigedomen gnr. 138 bnr. 4 i Lindås kommune. Fylkesmannen i Rogaland har blitt oppnemnd som settefylkesmann i saka. Saka gjelder søknad om dispensasjon og rammeløyve for oppføring av naust, kai og flytebrygge og grunn- og terrengarbeid tilknytt arbeidet.

Fylkesmannen i Hordaland har i klage 04.07.2017 peikt på at det er ein feil ved vedtaket datert 27.06.2017 at tiltaka ikkje er vurdert i lys av byggjeforbodet i pbl. § 1-8 eller plankravet i reguleringsplanen § 1.2.1. Fylkesmannen har i klagesaksbehandlinga 18.10.2017 presisert at han er ueinig med klagar i at det må gis dispensasjon frå føresegna, men har valt å behandle og gi dispensasjon frå føresegna «*slik at 3. part ikkje vert skadelidande av tolkingsueinighet mellom Lindås kommune og Fylkesmannen i Hordaland*». Fylkesmannen i Hordaland klaga så på vedtaket. Kommunen viste i brev 16.11.2017 til at klagesaksbehandlinga ikkje var å rekne som eit nytt enkeltvedtak, men ei retting av vedtaket datert 27.06.2017. Vedtaket blei derfor sendt til fylkesmannen for endeleg behandling. Vi kan ikkje sjå at Fylkesmannen i Hordaland si klage datert 15.11.2017 har blitt behandla av kommunen, og sender derfor saka tilbake til Lindås kommune for klagesaksbehandling.

Fylkesmannen ber om at følgande blir sendt/vurdert ved ny oversending av saka:

- Gjeldande planføresegner og plankart for eigedommen.
- Det er i søknaden vist til at det tidlegare er gitt løyve i sak med referanse 2012/2451 – 0 – 6126/2013 og at denne saka har skapt presedens. Det er også vist til tiltak på naboeigedommen gnr. 138 bnr. 21 og eigedom mot nord i forbindelse med søknad om dispensasjon frå reguleringsføresegnene § 3.2.2. Fylkesmannen ber kommunen om å vurdere i kva grad dei nemnde (og eventuelt andre) sakene har relevans for søknaden, og om dei må gis presedensverknad for tiltaka i saka.
- Nødvendig dokumentasjon for kvifor det blei fatta nytt vedtak 27.06.2017, inkludert klage på vedtak 08.05.2017. Vi ber om dokumentasjon på at tiltakshavar har søkt om alle dispensasjonar.

- Det er i nytt vedtak 27.06.2017 tatt ut tilvising til supplerande søknad 19.01.2017, og tiltaket blei deretter «godkjent plassert slik det går frem av søknaden». Klagesaksbehandlinga viser til at «revidert utbyggingsplan datert 11.09.2017 skal leggjast til grunn for plassering av flytebrygge». Fylkesmannen ber om teikningar som viser kva kommunen har godkjent.
- Det er søkt om dispensasjon frå reguleringsplanen §§ 1.2.1, 1.2.2 og 3.2.2, men ikkje gitt dispensasjon frå § 1.2.2. Vi ser at det er nemnd i vedtaket 08.05.2017 at det er nødvendig med dispensasjon frå denne føresegna, mens det ikkje er nemnd i vedtaket 27.06.2017 eller klagebehandlinga i plan- og miljøutvalet. Fylkesmannen ber om ei grunngjeving for deira vurdering av kva føresegner søknaden krev dispensasjon frå.
- Det er i saka vist til ein utbyggingsplan, seinast datert 11.09.2017, som visar at det ikkje skal førast opp fleire bygg i dette området. Fylkesmannen i Hordaland har i klage 04.07.2017 og 15.11.2017 vist til at ein slik plan ikkje er juridisk bindande. Vi ber om kommunens vurdering av spørsmålet.
- Det går ikkje frem av søknaden om brygger og kai er i samsvar med søknaden. Sidan vi ikkje har plangrunnlaget tilgjengeleg, ber vi også om ein kort utgreiing av dette spørsmålet.
- Kommunen viser i klagesakhandsaminga til at det går frem av plandokumenta at det ikkje var meint å sette eit plankrav i reguleringsplanen. Vi ber om relevante dokument i denne forbindelse, samt relevante dokument for vurdering av spørsmålet om byggegrense mot sjø.
- Vi ber generelt om at all relevant dokumentasjon blir sendt oss.

Med helsing

Knut Middelthon  
fagdirektør

Christina Tangen Bendikssen  
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Christina Tangen Bendikssen  
Saksbehandlar telefon: 51568898  
E-post: fmroctb@fylkesmannen.no

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
Advokatfirma Hammervoll	Bryggen 3-5	5003	BERGEN
Pind AS			